



Kulturdepartementet
Akersgt. 59
0030 OSLO

Vår ref.
13/421-4/K1-09, K2-C0//MJT

Dykkar ref.

Dato:
21.06.2013

Kulturutredningen 2014 - Høyringsuttale

Kulturnettverket i Nordfjord består av 7 kultursjefar/kulturleiarar frå heile regionen, dvs. Stryn, Selje, Hornindal, Eid, Gloppen, Vågsøy og Bremanger. Høyringsuttalen er felles frå desse 7 kommunane og administrativt handsama.

Først vil kulturnettverket i Nordfjord gi honnør til det omfattande utgreiingsarbeidet som er lagt fram i Kulturutredningen 2014. Det er sett eit sterkt fokus på behovet for eit lokalt kulturløft, noko vi som jobbar på grasrota er glad for. Forslag til tiltak i rapporten vil bli særskilte viktige for utviklinga av det lokale kulturliv, dersom dei vert gjennomført. Rapporten gir oss eit godt innblikk i norsk kulturpolitikk og ei god analyse av dagens tilstand på kulturfeltet.

1. Kulturnettverket i Nordfjord støttar utvalet sitt forslag om ei utviding av kulturlova i form av nye plan- og ansvarsbestemmelser. Vi støttar vidare og oppmodar om at kultur vert teke inn i plan- og bygningslova på lik line med folkehelse. Kulturlova slik den er i dag, har liten verknad i den kommunale kvardagen.
2. Den kulturelle grunnmuren må styrkast og sikrast. Det er viktig at statlege løyvingar til kultur i kommunane kan bidra til å styrkje og utvikle bibliotek, kulturskulane, tiltak for barn og unge, kor, korps m.m. Flytting av det nasjonale fagansvar for fritidsklubbar frå Barne- likestillings og inkluderingdepartementet til Kulturdepartementet er eit godt val. Det er viktig at midlane knytt til ordninga følgjer med. Det same gjeld for kulturskulane. I mange kommunar er det kulturavdelingane som har dette ansvaret i dag, ei formalisering av ei slik omlegging vil måtte styrke kulturavdelingane sitt arbeid for fagområdet lokalt.
3. Å knyte ansvar for fritidsklubbar eller andre opne møteplassar for ungdom til eit kommunalt samordnings- og planansvar med kvalitetskrav til innhald, organisering og bemanning av fritidsklubbar, meiner kulturnettverket er positivt.

Postadresse/besøksadresse:
Tonninggata 4
6783 STRYN

Telefon 57 87 47 00
Telefaks: 57 87 47 01

e-postadresse: postmottak@stryn.kommune.no
Heimeside: <http://www.stryn.kommune.no>

Banksamband

Nordea 6557 05 02802
Sparebanken SFJ 3795 07 00239
Nordea (SKATT) 6345 06 14493

Org.nr: 963 989 202

4. Rikskonsertordninga er sakna. Det er difor viktig å styrke og utvikle arrangørstøtteordninga, for å kunne utvikle eit godt desentralisert musikkliv og auke arrangørkompetansen lokalt. Små kommunar fell fort utanfor den nye ordninga, der krav om søknader med vedlegg må sendast inn for i det heile å bli vurdert for tilskot til ein konsert. Ei ordning der ein kunne «shoppe» konsertar som var på turne vår og haust, som eit desentralisert tilbod – hadde for mange små kommunar vore ei god løysing. Per i dag føler ikkje vi at Norsk kulturråd innfrir våre behov og ønskjer i høve støtte til arrangement, slik Rikskonsertane gjorde. Den ordninga var perfekt for små og mellom store arrangørar.
5. Det er behov for auka kompetanseheving for kulturtilsette. KS bør vere ein naturleg samarbeidspart for kultursektoren som for andre kommunale sektorar.
6. Det er behov for tiltak- og utviklingsmidlar til kultur. Små kommunar har som regel få tilsette i kulturavdelinga, ofte i små stillingar. Det gjer at mange kommunar ikkje søker på prosjektmidlar på grunn av kapasitet.
7. Mange kulturskular har behov for betre, eigna lokale. Kvalitetskrav til lokalitetar for kulturskulane sine behov må innførast.
8. Øyremerka tilskot til kulturskulane eller maks. betaling, likt det ein har for barnehagesatsar, bør innførast. I dag vel barn og unge vekk kulturskulen, då den kommunale elevbetalinga er for høg til at dei kan delta.
9. På line med Regjeringa si etablering av eit bransjeråd for kulturnæringar, bør ein og vurdere å etablere eit bransjeråd for kultur og kulturutvikling. Eit råd der både kommunale kulturleiarar og fylkeskulturdirektørar er med.

Kulturnettverket i Nordfjord er glad for rapporten og samd med utvalet at ein av dei største utfordringane i den nasjonale kulturpolitikken er å bygge og sikre den kulturelle grunnmuren.

Lukke til!

Med helsing
for kulturnettverket i Nordfjord

Myrtel Janne Thomassen
avd.leiar kultur
57 87 47 53
myrtel.thomassen@stryn.kommune.no